



ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Dispensasjon - Alver - 322/106 - Mjåtveit - tilbygg

Vi viser til brev frå kommunen datert 18.01.23. Saka gjeld søknad om løyve til oppføring av tilbygg på ca. 64,2 m² BRA til eksisterande fritidsbustad, samt oppføring av anneks på 23,8 m² BRA og 28,0 m² BYA. Total BRA er opplyst til å vere 135,2 m². Det er søkt om dispensasjon frå byggegrense mot fylkesveg, samt dispensasjon frå KDP for Meland, føresegn 1.6.14 kulepunkt 5 som kun opnar for fritidsbustad med maksimal storleik på 120,0 m² BRA.

Stasforvaltaren sine merknader

Kommunen opplyser at eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Mjåtveitmarka, planid: 125620060002 er definert som fritidsbustad, og at reguleringsplanen blir supplert av kommunedelplanen, jf. KDP 1.1, jf. 4.7.

Slik vi forstår kommuneplanen så gjeld punkt 1.6.16 dersom ikkje anna kjem fram av reguleringsplanen jf. føresegn 4.7.1. I føresegnene til reguleringsplanen står det at fritidsbustaden er regulert slik den står i dag (jf. føresegn 2.4.1). Det opnast difor ikkje for nye tiltak på eigedomen. Vi meiner det ev. må søkast dispensasjon frå denne føresegna.

Arealet ligg i nedbørsfeltet for kritisk trua elvemusling i Mjåtveitelva. Avrenning til elva kan skade elvemuslingane. Sjølv om tiltaket er lite om ein samanliknar med andre tiltak i området, må saka opplysast betre når det gjeld terrenginngrep og mogleg avrenning frå tomta. Det er særleg terrenginngrep og masseutskifting som kan føre til skadeleg avrenning. Det må vurderast om det er naudsynt med avbøtande tiltak. Det har i mange saker vist seg at sjølv om ein har avbøtande tiltak, har ein likevel fått skadeleg avrenning. Det bør difor også gjerast ein risikovurdering.

Vi ønsker også å nytte høve til å opplyse om at etter vår vurdering, er ikkje gjeldande reguleringsplan god nok i vurdering av verknad planen har på elvemuslingane i Mjåtveitelva. Den er heller ikkje god nok på å sikre avbøtande tiltak.

Vi vurderer at tiltaket og verknad av tiltaket ikkje er godt nok vurdert til å ta stilling til dispensasjonen. Vi viser til naturmangfaldlova §§ 8-12.



Vi rår ifrå dispensasjon slik saka ligg føre no. Om saka vert godt nok opplyst, ber vi om å få saka til uttale på nytt. Det må då vere konkrete opplysningar om massar, terrenngrep og avrenning frå området. Det må vurderast om det er naudsynt med avbøtande tiltak og ei risikovurdering.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesø
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN